

Utkast til standard for Adressekart.



Utarbeidd av felles arbeidsgruppe for Regionrådet Bergen og Omland og Regionrådet
Nordhordland IKS
November 2007

ADRESSEKART	3
0 Orientering	3
1 Omfang.....	3
2 Referansar.....	3
3 Definisjonar	3
4.0 Adressekartet	5
4.1 Struktur og informasjonsinnhald	5
4.1.1 Basiskartet (informasjonsinnhald).....	5
4.1.2 Temadelen (informasjonsinnhald).....	5
4.1.3 Valfrie datasett for basiskartet (informasjonsinnhald)	5
5. 0 Presentasjonsreglar for Adressekart	5
5.1 Basiskartet si oppbygging og presentasjon	6
5.3 Temadelen si oppbygging og presentasjon	6
5.2.1 Presentering av husnummer	6
5.2.2 Presentering av adresseparsellen sin avgrensing.....	7
5.2.3 Presentering av kommunale adresseskilt.....	7
5.2.4 Presentering av adresseparsellnamn.....	7
5.3 Oppbygging og presentasjon av valfrie datasett i basiskartet.	7
5.3.1 Element henta frå reguleringsplanar, bebyggelsesplanar og kommuneplanar.	7
4.4.2 Digitalt markslagskart	8
6.0 Oppslag i digitale adressekart	8
7.0 Oppdatering av adressekartet	9
8.0 Vedlegg	9
A. Hierarkisk skjema for framstilling av adressekart.....	9
B. Linjesymbol. Punktsymbol og tekst.	9
C. Flate farge og skravur.....	9
D. Adresseparsellkart etter standarden.....	9
E. Detaljert adressekart etter standarden + element frå Reg.plan/kom.plan.....	9
F. Detaljert adressekart etter standarden + DMK.	9
G. Teiknforklaring.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.

ADRESSEKART

0 Orientering

For ukjende som skal finna fram til ei adresse, er det trong for eit kart som inneheld tildelte vegadresser og eit system som enkelt viser kvar søkt adresse ligg.

Kommunane er forvaltingsansvarlege for vegadressesystema i landet. Med dei kommunale adressedata og offentlege kartdata finst det utarbeidd ei mengd trykte og nokre digitale adressekart. Men det finst ingen norsk eller internasjonal standard for slike adressekart, verken digitale eller analoge.

Regionane Bergen og Omland og Nordhordland og Gulen, som har same type kartportalar, søkte KS og fekk tildelt prosjektstøtte til utvikling av utkast til ein standard for digitalt adressekart. Regionane laga eit første utkast første halvår 2007. Dette blei sendt på avgrensa høyring og revidert versjon blei send Statens kartverk som så gjennomførte slutthandsaminga av utkastet.

1 Omfang

Denne standarden skal gi nasjonale retningslinjer for offentlege digitale adressekart og adresseparsellkart (oversikt over dekkingsområdet for adresseparsellane i eit adressesystem).

Då analoge adressekart vil bli laga med bakgrunn i eksisterande digitale adressedata, skal retningslinjene også gjelda for analoge adressekart så langt dei høver.

2 Referansar

For standarden gjeld følgjande referansar (ikkje uttømmmande):

Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 29.06.2007

Forskriftene til matrikkellova, kap.

Lov om stadnamn (stadnamnlova)

Forskriftene til stadnamnlova

SOSI-standard

FKB-standard

3 Definisjonar

3.01 adresse: stadtilvising

3.02 adressekart: temakart som viser tildelte vegadresser

3.03 adresseeining: minste eining (objekt) som har fått tildelt *offisiell adresse*

3.04 adressekode: alfanumerisk representasjon av *adresse*

Merknad: I *matrikkelen* består *a.* av kommunenummer, *adressenamnkode* og *adressenummer* og tillegg av *brukseiningsnummer* der slike er registrert der det er tildelt *vegadresse*. Der *vegadresse* ikkje er tildelt, består *a.* av kommunenummer og eigedomen sitt matrikkelnummer med tillegg av *brukseiningsnummer* der slike er tildelt.

3.05 adresseparsell: geografisk dekkingsområde for tildeling av *vegadresse*

Merknad: *A.* er basiseininga for tildeling av *vegadresse*. Ein adresseparsell kan bestå av fleire "teigar". Dette er tilfelle der vegen som adressenamnet er knytt til, kryssar annan namnsett veg (adresseparsell).

3.06 adresseparsellnamn: namn på ein *adresseparsell*

Merknad: A. blir vedteke av kommunen i medhald av matrikkellova og stadnamnlova

3.07 adressenummer: nummer som utvendig synleggjer plasseringa av *adresseiningane* innan ein *adresseparsell*.

MERKNAD: Ved nummer forstås ein nummer og bokstav, f.eks. 7, 12A, 32C. To ulike nummereringsprinsipp er i bruk: fortløpande nummerering og avstandsnummerering, begge ut frå startpunktet for adresseparsellen. A. blir og kalla **3.07 adresseringsområde:** geografisk dekkingsområde for eit *adresssystem*.

MERKNAD: I eit *a.* skal alle *adresseparsellnamna* vera ulike og med låg risiko for forveksling. Avgrensinga av eit *a.* blir gjort av kommunen etter samråd med nabokommun(e/ar) og redningstenestene ut frå kommunikasjonstilhøva og funksjonelle krav til redningstenestene. Eit *a.* kan såleis utgjera del av ein kommune, heile kommunen, fleire kommunar (heile eller deler av kommunane).

3.08 adresssystem: regelverk for *vegadressene* i eit *adresseringsområde*

Merknad: Retningslinene er sentrale og lokal forskrifter heimla i matrikkellova. husnummer (dagleg tale og i eldre regelverk)

3.09 basiskart: kart som dannar underlag (gir geografisk referanse) i *temakart*

3.10 brukseiningsnummer: ein bokstav og 4 sifra identitetsnummer tildelt av kommunen til dei einskilde husværa på eit *adressenummer*.

Merknad: B. er minste eining som kan registrerast som *offisiell adresse*.

3.11 matrikkeladresse: *adresse* uttrykt ved eigedomsnummeret til *adresseeininga*

3.12 målestokkterskling: parameterstyring av i kva målestokkar eit datasett blir synleg i digitale kart

3.13 offisiell adresse: *adresse* registrert i matrikkelen for ein bygning, bygningsdel, brukseining, eigedom eller anna objekt som er registrert med *adresse* i matrikkelen
MERKNAD: *Adressa* kan vera ei *vegadresse* eller ei *matrikkeladresse*. Desse kan i tillegg ha *brukseiningsnummer*

3.14 områdeadresse: *vegadresse* der ein ikkje har ein veg som referansegrunnlag for fastsetting av *adressenummera*

3.15 temakart: kart som framhevar eller inneheld eitt eller eit fåtal emne

3.16 vegadresse: *adresse* som består av eit *adresseparsellnamn* og eit *adressenummer*

MERKNAD: V. er/blir vedtatt og tildelt av kommunen i medhald av gjeldande lov for saksområdt (byggnings-/delings-/matrikkellov).

4.0 Adressekartet

Det digitale adressekartet skal framstå som eige temakart i kartportalar ved bruk av FKB datasett som ligg i portalen.

4.1 Struktur og informasjonsinnhald

Kartet er samansett av ein **temadel** som blir presentert på eit **basiskart**.

4.1.1 Basiskartet (informasjonsinnhald)

Basiskartet skal vera eit enkelt og lett skjønleg referansegrunnlag for temainformasjonen. Til basiskart skal nyttast følgjande datasett:

- Hydrografi. SOSI koder frå 3000-3999
- Bygningsflater. SOSI koder frå 5000 – 5999.
- Stadnamn, produkt Tekst 1000, 2000 og 5000.
- Samferdsel, SOSI koder frå 7000-7999.

4.1.2 Temadelen (informasjonsinnhald)

Til temadelen skal det nyttast følgjande datasett, jf. vedlegg:

- Adresseparsellen si avgrensing
- Adresseparsellnamn
- Adressenummer
- Plassering av kommunale adresseskilt vist ved standardsymbol

4.1.3 Valfrie datasett for basiskartet (informasjonsinnhald)

I tillegg til spesifikasjonane i 4.1.3 kan basiskartet innehalda følgjande datasett, jf. vedlegg B og C:

- Element henta frå reguleringsplanar, utbyggingsplanar og kommuneplanar
- Digitalt markslagskart/AR5

5. 0 Presentasjonsreglar for Adressekart

Norm for framstilling av adressekart, oppbygging, linjesymbol, punktsymbol, tekst, flatefarge og skravur er vist i vedlegg A, B og C

5.1 Basiskartet si oppbygging og presentasjon

Hydrografi og bygningsflater skal presenterast i samsvar med SOSI standarden, i målestokk 1:100 – 1:15 000.

Stadnamn skal presenterast i samsvar med SOSI standarden, i målestokk 1:100 – 1: 15 000 og vist i målestokken sin næraste 500.

Samferdsel skal presenterast etter eigne teiknereglar etter kva status vegen har, jf. vedlegg C.

1. Europaveg, raud.
2. Riks- og fylkesveg, oransje.
3. Kommunal og privat veg, rosa.

I målestokk mindre enn 1:8000 skal alle vegar vera i svart.

Samferdsel skal presenterast i kartet i alle målestokkar.

5.3 Temadelen si oppbygging og presentasjon

Dei ulike tema skal presenterast på ein klar og ryddig måte, som er lette å forstå for den vanlege brukar. Bruken av koding og målestokkbaserte teiknereglar skal syta for dette.

5.2.1 Presentering av adressenummer

For å kunne presentere alle adressenummer i område med ulik tettleik av adresseeiningar, må ein bruke målestokkterskling.

Derfor må alle adresseparsellar kodast etter kor tett adresseeiningane ligg. Det skal nyttast fylgjande koding som eigenskap for adresseparsellen:

- Kode 1: Spreiddbygd.
- Kode 2: Bustadfelt.
- Kode 3: Bygdesenter.
- Kode 4: Bysenter. Kvartalsutbygging.

I kode 1, spreiddbygd, skal alle adresseeiningar vera synleg i målestokk 1:100 – 1:7999.

I kode 2, bustadfelt, skal alle adresseeiningar vera synleg i målestokk 1:100 – 1:3000.

I kode 3, tettstad, skal alle adresseeiningar vera synleg i målestokk 1:100 – 2000.

I kode 4, by, skal alle adresseeiningar vera synleg i målestokk 1:100 – 1:1000.

Ved presentasjon i mindre målestokkar enn nemnd for adresseparsellen skal berre kvart femte husnummer synast. Altså 5, 10, 15, 20, 25, 30, 35 osv. På denne måten dekker ein både partals- og oddetalsvisning.

Nedre målestokk for vising av digitalt adressekart er 1:15 000

5.2.2 Presentering av adresseparsellen si avgrensing

Adresseparsellen skal presenterast i kartet i alle målestokkar, men på ulike måtar.

I målestokk 1:100 – 1:7999 skal grensa bli vist som ei raudstipla kross line, jf vedlegg A og B.

I målestokk 1:8000 og mindre skal grensa bli vist som ei raudstipla kross line, og parsellflata med transparent lysegul flate, jf. vedlegg B.

5.2.3 Presentering av plassering av kommunale adresseskilt

Dette temaet skal presenterast i målestokk 1: 3000 – 1:10 000, som eit eige symbol i svart kvitt. Ved å peika på symbolet med musepeikaren skal ein få opp den informasjonen som står på skiltet

5.2.4 Presentering av adresseparsellnamn

Adresseparsellnamn skal presenterast ved i alle målestokkar i målestokkens næraste 1000.

Døme: Er målestokken i kartet 1:7650 skal adresseparsellnamnet teiknast i målestokk 1:8000.

Er målestokken i kartet 1:4200 skal adresseparsellnamnet teiknast i målestokk 1: 4000.

Sjå vedlegg B og C for SOSI kodar, digitale fargekodar, teiknereglar m.m. for dei ulike tema.

5.3 Oppbygging og presentasjon av valfrie datasett i basiskartet.

For at brukar av kartløyisinga skal kunne orientere seg lettare, kan ein velje å ta med eit eller begge av datasetta spesifisert i 4.1.3.

5.3.1 Element henta frå reguleringsplanar, bebyggelsesplanar og kommuneplanar.

Element som er vist i vedlegg C, kan takast med. Desse er røft del inn i to avdelingar. Grøne- og grå skraverte områder.

Grøne områder er blant anna parkar, friområde, kyrkjegardar etc.

For å skilje kyrkjegard frå for eksempel parkanlegg har ein gitt kyrkjegardar eit eget symbol, i tillegg til flateskravuren.

Grå område er samferdselsområde, som parkeringsplassar, torg, kaianlegg, busshaldeplass etc.

Kva for reguleringsformål som høyrer heime kor, er nærare forklart i vedlegg C.

4.4.2 Digitalt markslagskart

I dei meir landlege områda kan det være til god hjelp å synleggjere kva for markslag som er til stades. Denne må forenklast kraftig for ikkje å ta vekk fokus på det eigentlige temaet.

AR5/ DMK`en skal derfor delast i berre tre avdelingar.

- Innmark, gult.
- Utmark, grønt.
- Anna areal/bygd areal, lysebrunt.

Vedlegg C syner korleis forenklinga skal gjerast, og kva for arealtilstand som høyrer heime kvar.

6.0 Oppslag i digitale adressekart

Oppslag etter adresser bør vera oppbygd med eit enkelt søk, og eit avansert søk.

Enkelt søk.

1. Skriv inn adressenamn og adressenummer.
2. SØK funksjonen må aktiverast.

Avansert søk.

1. Vel fylke frå nedtrekksliste.
2. Vel kommune frå nedtrekksliste.
3. Alle adressenamna blir vist i alfabetisk rekkefølge for den aktuelle kommunen.
 - a. Finn adressenamnet i lista
 - b. Skriv adressenamnet (eller del av dette) inn i eit søkjevindaug som avgrensar lista etter kvart som ein skriv inn den ynskja adressenamn.
4. Når ein har vald ein adressenamnet:
 - a. vert alle nytta adressenummer vist i ei liste, og ein vel korrekt nummer.
 - b. skriv ein inn adressenummeret direkte
5. SØK funksjonen blir aktivert automatisk etter at adressenummer er valt.

7.0 Oppdatering av adressekartet


Forvaltingsansvarleg for vegadresse i kommunen skal oppdatera adressekartet med temadata, jf. kap. 4 etter kvart som nye data blir etablert eller det skjer endring i tidlegare registrerte temadata.

Basiskartet, jf. kap.4, skal oppdaterast ein gong for året og hyppigare der det måtte vera behov for det.

8.0 Vedlegg

- A. Hierarkisk skjema for framstilling av adressekart
- B. Linjesymbol. Punktsymbol og tekst.
- C. Flate farge og skravur.
- D. Adresseparsellkart etter standarden
- E. Detaljert adressekart etter standarden + element frå Reg.plan/kom.plan.
- F. Detaljert adressekart etter standarden + DMK.

Hierarkisk skjema for framstilling av Adressekart





VEDLEGG A

Norm for framstilling av Adressekart - SOSI koder, linjesymbol, punktsymbol og tekst

Adresseinnhold	SOSI	BESKRIVELSE SYMBOLER			FARGE			EKSEMPEL
		Tykkelse m m	Stipling		CMYK	RGB	PMS	
			Lengde m m	Mellom m m				
LINJESYMBOL	LTEMA							
Adresseparsellavgrensning	9121	2,00		1,5	80-0-90-70-0	255-25-76		
Tiltak	1274	0,35			70-K0-49-100-0	255-130-0		
Europaveg	7002	0,35			0-0-0-100	0-0-0		
Riksveg og Fylkesveg	7002	0,35			0-0-0-100	0-0-0		
Kommunal og privat veg	7002	0,35			0-0-0-100	0-0-0		
PUNKTSYMBOL	PTEMA							
Adresseskilt	7601	35,00			0-0-0-100	0-0-0		
Kirkegård	1202	10,00			143-100-0-100-20	0-107-0		
TEKST	TEKST							
Adresser	9599	5,00			0-0-0-100	0-0-0		Arial ABC 123

VEDLEGG B

Norm for framstilling av Adressekart - SOSI koder, flate farge/skravur

Adresseinnhold	SOSI		SKRAVUR	FARGE			EKSEMPEL
				CMYK	RGB	PMS	
FLATE	FTEMA	Regform/Atil					
Adresseparsell	9121		75 %	63-0-0-50-0	255-255-127		
Europaveg	7002			81-P-85-85-0	255-38-38		
Riksveg og Fylkesveg	7002			61-P0-35-100-0	255-165-0		
Kommunal og privat veg	7002			64-0-60-40-0	255-102-153		
Alle vegar ved målestokk 1:8000 og lågare				0-0-0-100	0-0-0		
Samferdselsområder	1202 og 1225	191,331,300,333,340,341,342,343,380,381,462,730		40-P0-0-0-24	193-193-193		
Kirkegårder, parker, friområder etc.	1202 og 1207	166,176,200,210,220,240,299,332,400,410,430,440,450,459,460,461,469,611,612,613,614,615,616,617,650,651,680,685,663.		141-P85-0-85-0	38-255-38		
Markslag, innmark	4100,4201	15,21,22,23		59-P/K0-0-40-0	255-255-153		
Markslag, utmark	4100, 4201	11,12,13,14,16,24,25,26		139-70-0-50-0	181-255-127		
Markslag, anna areal og bebygd	4100, 4201, 5200	27,28,29,31		144-K0-6-15-6	239-225-203		

VEDLEGG C

